



Sjetteklassa dansar ved skuleopninga, men no ventar ein annan dans....

Ein ostepølreduksjon i budsjettet for Uskedalen oppvekstsenter på 458 000 kroner for dette året har gått hardt utover skulen. Det er fare for at det pedagogiske tilbudet som er hjørneverksemda vert svekka fordi det er svært lite midlar til vikarar og assistentar..

Det slår FAU fast etter å ha drøfta situasjonen denne veka. Oppvekstsenteret har i år eit samla budsjett på 13 millionar kroner, Størstedelen av kuttet er skjedd på skulesida fordi barnehagen er betre skjerma av lovverket.

Her er nokre av konsekvensane av nedskjæringa:

* Det let seg ikkje gjera å gjennomføre aktivitetsdagar som kostar pengar, til dømes skidag.

* Truleg må både lærar- og assistenttimar reduserast. Til dømes kan ein ikkje oppretthalde det ekstra tilbudet som Odd Steinar Arnesen har hatt for elevane. Truleg må ein i større grad syta for at elevane med særskilte behov vert kartlagde av PPT slik at det eventuelt kan gjerast vedtak som gir rett til ekstraressursar. Til no har dei hatt såpass frie assistent- og læraressusar at dei har kunna gje god hjelp til enkeltelevane etter eige skjøn.

* Det vert truleg ikkje råd til å oppretthalde eit forsvarleg forholdstal vaksne/born på SFI, som i dag er heilt på grensen med 33 elevane på 2 vaksne. Det vil her bli sett eit tak, noko som truleg fører til at dei eldste neppe vil få plass på SFO.

* Det er svært lite om nokon midlar til å halda vedlike uteområde/leikeapparat. Det vert gått regelmessige rundar for å sjekke at apparat og installasjonar er fysisk trygge. No vil det i fleire tilfelle måtte vurderast å fjerne apparat i staden for å reparere eller vedlikehalde.

* Det vert i hovudsak stans i innkjøp av materiell.

* Skulen manglar eige kontorstøtte/sekretær og det fører til at rektor og barnehageleiar i praksis utfører desse oppgåvene i tillegg til pedagog- og leiararbeide.

Barnehagen nyt ikkje lenger godt av øremerka midlar. Det kan ikkje lenger innkallasr vikarar ved

korttidssjukemeldingar. Talet på vaksne kan verta uforsvarleg lågt i periodar og det vil påverka det pedagogiske tilbudet.

FAU drøfta moglege åtgjerder etter nedskjæringane, som sponing, innsamling eller arrangement og skal tenke vidare på prosjekt som kan gje inntekt slik at FAU kan bidra med midlar til aktivitetar som til dømes ein skidag. Det er svært uheldig at slike fellesarrangement ikkje let seg gjennomføre, understrekar FAU.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen